

Klimafilm > Klimatilpassing i Noreg

Klimaet er i endring på grunn av global oppvarming. For Noregs del vil det først og fremst bety høgare gjennomsnittstemperaturar, meir nedbør og meir ekstremvêr. Det er fire samfunnsområde som vil bli spesielt utsette for klimaendringane: bygg og anlegg, vatn og avløp, samferdsel og landbruk. For å vere best mogleg rusta for framtida er det derfor viktig å tilpasse seg klimaendringane, og dette bør vere ein integrert del av samfunnsplanlegginga.

Oppgåver før du ser filmen

1. Korleis trur du at økosystem, landbruk, vegar og bygningar i Noreg kan bli påverka av klimaendringar?
2. Trur du at det norske samfunnet er rusta til å kunne takle meir nedbør, ekstremvêr og havnivåstigning? Grunngi svaret.

Oppgåver til filmen


1. Korleis vil klimaet endre seg i Noreg i framtida?
2. Kva delar av Noreg vil få størst endring i nedbør fram mot 2100, og kva område vil få minst endringar? Kvifor trur du det er slik?



3. Klimaendringar gir mange utfordringar for samfunnet. Lag ei oversikt over utfordringar og eksempel på tilpassingar ved å fylle ut tabellen under.

Samfunnsområde	Utfordringer ved klimaendringer	Eksempler på tilpasninger
Samferdsel		
Bygg og anlegg		
Vann og avløp		
Landbruk		

4. Bruk filmen eller biletet under til å forklare kva som skjedde under flaumen i Kvam i 2013.



5. Kva tilpassingar har kommunen gjort i Kvam for å førebyggje mot nye skadar frå flaum og ras?
6. Bruk eit flaumsonekart og finn ut om det er fare for flaum der du bur. Skriv nokre linjer om kor stor faren er, og kva som kan skje.
7. Kvifor er det viktig at kommunar lagar risiko- og sårbarheitsanalysar i samband med klimaendringar?
8. Kva er overvatn, og kvifor er det større problem med overvatn i tettbygde strøk og byar?
9. Midgardsormen er ei modernisering av vass- og avløpssystemet i Oslo. Kvifor er det behov for ei oppgradering av det gamle vass- og avløpssystemet?
10. Kvifor er det viktig med foredling av nye og betre sortar i landbruket?

Fordjupingsoppgåver

1. Finn ut meir om konsekvensar av klimaendringar og konkrete tilpassingstiltak i ditt fylke. Bruk klimatilpassing.no til å finne informasjon og skriv ein kort artikkel eller ein informasjonsbrosjyre om regionale tilpassingstiltak (sjå forslag til mal på www.naturfag.no/brosjyre).

2. Utfordringar med klimaendringar vil gjerne oppstå fordi vi har valt gale eller prioritert feil i arealplanlegging eller anna samfunnsutvikling.
 - b) Gi nokre eksempel på slike dårlege val eller feilprioriteringar.
 - c) Kva trur du kan vere årsakene til dårlege val eller feilprioriteringar?
3. Registrer kvar ekstremvær har ramma oss, og korleis ein opplever det, gjennom aktiviteten Ekstremvær på miljolare.no.